

Å R S M E L D I N G 2 0 2 0

Årsmøtet vart halde 29.januar 2020 i Borgja, Ålhus. Frammøtte: 16

Styret:

Leiar: Ragnhild Sæle*
Nestleiar: Jakob Andre Sandal
Sekretær: Inge Erikstad*
Kasserar: Jonny Lofnes
Styremedlem: Ole Kristian Kjøsnes*

Vara:

1. Sissel Gjesdal Sægrov*
2. Silja Juklestad*
3. Rune Årdal*

Grendakontakter:

Stardalen Jakob Andre Sandal*
Klakegg/Førs Svein Klakegg*
Viken/Kjøsnesfjorden Ole Kristian Kjøsnes*
Sunde/Dvergsdal/Myklebust Ole Johan Hegrenes*
Årdal/Huus/Helgheim Inge Erikstad*
Ålhus/Svidal Jonny Hundvebakke*
Gjesdal/Sandal Jostein Gjesdal*
Eikås/Kvammen/Vassenden Jan Arne Flugekvam*

Revisorar: Magnar Juklestad*
Audun Nedrebø*

* På val.

Valnemnd: Morten Årset
Nina Eriksen
Jan Roger Myklebust



Det har i meldingsåret vore halde 3 styremøter og handsama 10 bokførde saker.

Saker ein har jobba med:

- Søknad om dispensasjon frå fredningsbestemmelsane for raudrev, i perioden 15.04.20 – 15.07.20, vart sendt 09.01.20. Dette for å vere sikker på at søknaden vart handsama i god tid før beiteslepp. Søknaden vart innvilga, men etter det nye regelverket som vart innført frå 01.04.20 om uttak av raudrev i samband med skade på husdyr, så treng ein ikkje søkje om løyve. Sjå [Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark \(viltforskriften\)](#)
- Henteplassane for ull har vore dei same som i 2019. Ullhenting vart gjort kjent via e-post og heimesida.
- Ullsekkar har ein, som dei siste åra, formidla via Jølster Landbrukstenester. Dette for at vi som næringsdrivande skal kunne få tilbake momsens på kjøp av sekkar. Pallen med sekkar er plassert hos Johannes Nedrebø, og henta sekkar vert fakturert ved årets slutt frå Jølster Landbrukstenester.
- Kåringa av vêrlam vart arrangert ved Eikaasgalleriet på Ålhus 26.09.20. Grunna koronaviruset vart kåringa for 2020 gjennomført med diverse restriksjonar. Kåringa skulle vere stengt for publikum, og det var berre dyreeigar som hadde høve til å vere til stades. Jølster Sau og Geit, som arrangør, måtte føre liste over alle som deltok på kåringa, eller som berre var innom. Det var ikkje høve til å kjøpe mat/kaffi/brus m.m., så kvar og ein måtte ta med mat og drikke sjølv, med unntak av dommarane. Dei ordna styret mat til.
Det var 12 utstillarar, som stilte 67 lam til kåring. 62 av desse vart kåra, 2 lam kåra på dispensasjon og 3 vart vraka. Årsaka til vraking: 1 med feil bitt, og 2 på grunn av marg.



Lam med flest poeng, alle rasar:

202057290-171 poeng. Oppdrettar: Jon Sandal

Brukseigenskapar: 9

Beinstilling: 9

Ullkvalitet: 8

O-indeks: 145

Sum poeng: 171

- Kåring av bukkekje vert gjort inne i fjøsen til den enkelte dyreeigar, ved at ein kåringsdommar kjem rundt på gardane og kåra bukkekjea.
Grunna korona vart kåring av bukkekje avlyst i 2020.

Kurs, møter m.m.

- Årsmøte SFSG på Skei 28. og 29.februar: Jonny Lofnes, Jakob Andre Sandal og Inge Erikstad
- Teamsmøte for lokallagsleiarar, i regi av SFSG, 8. desember 2020: Jonny Lofnes

Med unntak av nemnde møter, så har det ikkje vore aktivitet/deltakelse i regi av Jølster Sau og Geit. Med dei retningslinjene som har vore i høve korona, har ein ikkje funne det forsvarleg å legge opp til møteaktivitet.

Felling av rev:

- Det er registrert 70 felte revar. Den beste revejegeren har skote 15 stk. og nr. 2 på lista 11 stk. I alt var det 28 jegerar som har meldt inn revar til ordninga.

Stor takk til alle dei som gjer ein innsats for å få redusert revebestanden.

STYRET

